

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.10.2020

Vår ref.: 202005093-2

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Henrik Hveding

Stranda Energi AS - Høyring av vurdering av konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk, Stranda kommune

NVE har motteke søknad frå Stranda Energi AS om ei utviding av Fausa kraftverk treng konsesjon etter vassdragslovgevinga. Søkaren ynskjer å skifte ut og grave ned trykkørøret og rehabilitere eitt aggregat. Tiltaket vil auke slukeevna frå 2,6 til 3,3 m³/s. Dette til auke ytinga med 2 MW og produksjonen med 6,4 GWh. All informasjon om prosjektet finn du i den vedlagte søknaden.

Søknaden skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. På bakgrunn av søknaden skal NVE vurdere om utvidinga medfører skade og ulempe som er av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt.

Vi ber kommunen informere oss om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og om andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser kan vere friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om fisk eller vilt. Det kan også vera informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, osv. Opprømsingane her er ikkje uttømmende.

Vi ber Fylkesmannen og fylkeskommunen vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og vurdere tiltaket i høve til si sektorlovgiving.

Vi ber høyringspartane vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova § 8.

Frist for innsending av fråsegn er:

17.12.2020.

NVE ynskjer i hovudsak at høyringspartane sender inn fråsegna elektronisk. Dette kan gjerast ved å gå inn på saka si heimesida via www.nve.no/konsesjonssaker eller sende e-post til nve@nve.no. Fråsegna kan og sendast som brev til: NVE, Konsesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Henrik Hveding
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknad frå Stranda Energi AS

Mottakerliste:

DNT Sunnmøre
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Stranda kommune

Kopi til:

STRANDA ENERGI AS